

Innkalling

av

Formannskapet

Møtedato: 22.11.2017
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: 13.00 - 18.00

Eventuelle forfall må meldast til Marie Koksvik Thorsen per tlf. 56192100, sms til 90134247 eller per epost til bente.skjerpings@osteroy.kommune.no / marie.koksvik.thorsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
083/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
084/17	Godkjenning av møtebok
085/17	Referatsaker og meldingar
086/17	Budsjett og økonomiplan 2018-2021
087/17	Anmodning om busetting av flyktningar 2018
088/17	Endeleg vedtak - planprogram kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune
089/17	Uttale - høyring av endringer i vannforskriften og naturmangfaldlova
090/17	Hovudtariffoppgjeret 2018, IA, pensjon og bemanningsnormer. Debattheft -KS.
091/17	Stortingsvalet 2017 - evaluering av gjennomføringa i kommunen
092/17	Skjenkekontroll 21.10.17 - Kjellaren restaurant, Valestrandsfossen

3. september 2019

Jarle Skeidsvoll
ordfører

Bente Skjerpings
sekretær

NB! Møte i styringsgruppa for sjø- og strandsoneplanen kl. 12.00.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/2648

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
084/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/2648

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 08.11.2017

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
085/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/2648

Referatsaker og meldingar

Vedlegg:

Framlegg til barnehage- og skulerute 2018-2019

Underliggjande saker:

Saksnummer

Tittel

1	14/110 Høring av statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene
---	---

Saksnummer

Tittel

2	Vedtak om barnehage- og skulerute for skuleåret 2018-19
---	---

Saksnummer

Tittel

"Referatsakene vert tekne til vitande."

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
086/17	Formannskapet	PS	22.11.2017
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Magne Verpelstad	17/1385

Budsjett og økonomiplan 2018-2021

Vedlegg:

Renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2018

Osterøy kommune - låneportefølje pr 31.10.17

Osterøy kyrkjeleg fellesråd - Budsjettkommentarer 2018-budsjettet

Osterøy kyrkjeleg fellesråd - LANGTIDSBUDSJETT 2018

Osterøy kyrkjeleg fellesråd - Årsbudsjett forslag 2018

Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2018

Gebyrregulativ 2018 Plan-teknisk forvaltning - framlegg

Budsjett og økonomiplan 2018 - 2021 - del II - Supplerande informasjon

Budsjett og økonomiplan 2018 - 2021 - del I - Rådmannen sitt framlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

" Budsjett og økonomiplan 2018-2021 med investeringsplan vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjett- og økonomiplandokumentet, med slike driftsrammer for 2018:

Midlar til fordeling (frå 1A)	427 998
Rådmannen/stabsseksjonar	57 164
IKTNH *	5 400
Oppvekst, undervisning og	182 944

7. Brukarbetaling for kulturskolen vert sett til kr 4 300 pr år (uendra)
8. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.
9. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2018 vert kr 111,45 millionar, herav sjølvkostlån kr 32,8 millionar.
10. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 8 millionar
11. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Alle låna i portefølja kan verte refinansiert i 2017 og 2018. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
12. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2018.
 - g. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).
 - h. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 3,15 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.
 - i. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.
 - j. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre
 - k. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.
13. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.
14. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.
15. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.
16. Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,3 millionar inkl kommunal tenesteyting.

Generelt:

Ordføraren får fullmakt til å godkjenna budsjettframlegg med tekstdel før offentleg utlegging, samt språkmessige og formmessige endringar og innarbeiding av vedtak i teksten.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan for 2018-2021 til handsaming.

Det vert vist til vedlagte dokument: Osterøy kommune – Budsjett og økonomiplan 2018-2021 – del I - Rådmannen sitt framlegg.

For supplerande informasjon om sektorane, sjå òg dokumentet: Budsjett og økonomiplan 2018-2021 – del II – supplerande informasjon.

Vurdering

Budsjettet for 2018 er stramt. Vidare er det venta å verte enno strammare dei komande økonomiplanåra. Det er såleis behov for store omstillingar for å få til ei drift i tråd med inntektsnivået som er venta. Slik omstilling krev at det gjennomførast analysar og prosessa, noko som vil ta tid og må arbeidast med framover mot komande rullering av økonomiplan og budsjett.

I budsjettsalderinga for 2018 er inntekt frå premieavvik nytta til å finansiere driftsrammene. Dette er uheldig, då slik inntekt kun er av rekneskapsteknisk art, og skal utgiftsførast igjen over dei neste 7 åra. Det er likevel valt, då det er viktig å ha ei løpande drift i budsjettåret, reelt i tråd med inntektsrammene, og såleis få ro, og frigjere tid til å kunne arbeide med omstilling til eit langsiktig bærekraftig nivå. Tiltak må og bør uansett gjennomførast så raskt som det er mogleg å få til, då me veit at utfordringane vert større jo lenger tida går utan reduksjonar i utgiftsnivået.

I tråd med statlege satsingar vil rådmannen peika på 3 mål som skal kjenneteikna budsjettet for neste år og i økonomiplanperioden:

1. Tidleg innsats
2. Førebygging
3. Optimalisering av drift.

Dette vert vurdert å vere svært utfordrande i ei tid med dårleg økonomi og fokus på utgiftsreduksjonar. Det må likevel vere den rette vegen å gå med tanke på eit langsiktig bærekraftig nivå, då det vil ha effekt på framtidige kostnader. Me må såleis tore å snu pengebruken frå rehabilitering og stabilisering til førebygging. Sjå meir om dette i dokumentet.

For ytterlegare vurderingar og informasjon om rådmannen sitt framlegg, tiltak og konsekvensar, sjå dokumentet: Osterøy kommune – Budsjett og økonomiplan 2018-2021 – del I - Rådmannen sitt

framlegg.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
087/17	Formannskapet	PS	22.11.2017
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Svidal Nordås	14/257

Anmodning om busetting av flyktningar 2018

Vedlegg:

Oppmodning om busetting av flyktningar i 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune følger oppmodinga frå IMDI om å busetje 10 flyktningar i 2018.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Osterøy kommune mottok 6. november anmodning frå IMDI om å busette 10 flyktningar i 2018.

Kriteria som IMDI legg til grunn, er:

- Sysselsettingstal
- Resultat av introduksjonsprogrammet over tid
- Innbyggjartal

Osterøy kommune starta opp att busetting av flyktningar i 2014. Vi har per 13. november busett 59 personar, barn og unge inkludert. 11 til vert busett før nyttår, i tråd med politisk vedtak. Av dei som er avslutta på introduksjonsprogram, går dei fleste vidare i utdanning- eller yrkeskvalifisering.

Bakgrunn

Osterøy vaksenopplæring/Eining for integrering og busetjing har i dag ansvar for busetnad (i samarbeid med vaktmeistertenesta og andre på Sektor for teknikk og miljø), introduksjonsprogram

og oppfølging i heimane. NAV Osterøy er styrka med ei stilling for å ta unna auka arbeidsmengde.

I fortsettinga er Eining for integrering og busetjing omtala som Osterøy vaksenopplæring. Nytt namn på eininga er det ikkje teke stilling til på noverande tidspunkt.

Økonomi:

Samorganiseringa med vaksenopplæringa som i praksis fann stad gradvis i løpet av 2017, teoretisk frå 01.01.18, har ført til at vaksenopplæringa sitt budsjett er redusert med 1 200 000 i forhold til 2017. Dette grunna stordriftsfordelen frå integreringstilskot/norsktilskot. I forslag til statsbudsjett er det signalisert ein auke i både integreringstilskot og norsktilskot i 2018. Kor stor denne auken vert, er ikkje avklart, men forslag frå IMDI er lagt ved under «inntekt»

Per i dag er det rimelig å anta at tilskota vi får, dekkar utgiftene vi har.

Inntekt:

Vi får eit tilskot per person, storleiken er avhengig av årstalet ein vart busett på Osterøy. Tilskotet varer i 5 år. Norsktilskotet kjem i tillegg, det er 3 årig, her er det òg eit grunntilskot på mellom 550 000 og 600 000.

Tilskudd	Sats 2017 (kr)	Sats 2018 (kr)
Integreringstilskudd år 1	235 000 (enslige voksne bosatt i 2017)	237 000 (enslige voksne bosatt i 2018)
	185 000 (voksne bosatt i 2017)	187 000 (voksne bosatt i 2018)
	185 000 (enslige mindreårige bosatt i 2017)	187 000 (enslige mindreårige bosatt i 2018)
	185 000 (barn bosatt i 2017)	187 000 (barn bosatt i 2018)
Integreringstilskudd år 2	230 000 (alle bosatt i 2016)	239 000 (alle bosatt i 2017)
Integreringstilskudd år 3	167 000 (alle bosatt i 2015)	171 000 (alle bosatt i 2016)
Integreringstilskudd år 4	84 000 (alle bosatt i 2014)	85 500 (alle bosatt i 2015)

Integreringstilskudd år 5	70 500 (alle bosatt i 2013)	71 600 (alle bosatt i 2014)
Barnehagetilskudd	25 100 (barn under 5 år bosatt i 2017)	25 800 (barn under 5 år bosatt i 2017)
Eldretilskudd	164 200 (voksne som har fylt 60 bosatt i 2017)	167 600 (voksne som har fylt 60 bosatt i 2018)

Norsktilskot:

Tilskuddsår*	Høy sats 2017 (kr)	Høy sats 2018 (kr)
År 1	31 900	31 900
År 2	60 100	62 300
År 3	41 600	43 350

Utgifter

Lønsutgifter til eige personell er den største utgifta. Samorganiseringa har imidlertid ført til ein nedgang i leiarressurs på 50 %, og tilsvarande styrking av introveilederstilling. Ved nytt busettingsvedtak bør ein styrke vaksenopplæringa/integrering og busetjing med ei miljøterapeutstilling, for å styrke bu- og kulturrettleiing. Ein bør òg vurdere om legetenesta skal styrkast. Skular/barnehagar vert styrka med persontilskot etter fast sats som er utarbeidd i dialog med sektorleiing for oppvekst og kultur.

Alle busette flyktningar over 18 år mottek introduksjonsstøtte. For dette, må dei delta i introduksjonsprogrammet som tilsvarer eit normalt arbeidsår. Manglande/ugyldig oppmøte fører til trekk i introduksjonsstøtaden.

Flyktninggrupper

Vi har i dag busett frå Eritrea, Syria, Iran/Afghanistan og Irak. Erfaringa vi har bygd viser at Osterøysamfunnet er best eigna til å ta i mot og integrere par og familiar. Vi ynskjer, så langt vi klarer, å prioritere å busette dette òg i 2018. Vi busett både personar som har budd på mottak, og kvoteflyktningar. Grunna busettingsønsket om flest mogeleg familiar og par, er det store sjansar for at det vil bli flest kvoteflyktningar busett på Osterøy i 2018. Mange som kjem via mottak, er prega av ei lang og passiv ventetid, men dei har noko kjennskap til Noreg og språket. Det tek lenger tid å komme ordentlig i gang når vi tek i mot kvoteflyktningar (vente på personnummer, ingen språkkompetanse), men med denne gruppa kjem familiare samla, noko som gjev oss betre kontroll og større moglegeheit til planlegging.

Kompetanse og arbeidsplassar

Osterøy kommune starta opp busettingsarbeidet i 2014 etter lang tids opphald. Disse åra har ein

nytta til å bygge kompetanse og finne rett organisasjonsform. Osterøy kommune er i ferd med å bygge god kompetanse i arbeidet med å busette flyktningar. Behovet for å busette flyktningar går i bølger, i periodar er behovet stort, i andre periodar mindre. Åra vi har lagt bak oss no har vore krevjande, slik oppstartsfasar alltid er. Vi har hatt tilsyn etter Introduksjonslova i 2017, og har fått dokumentert at vi er på god veg til å drive introduksjonsprogrammet etter lovverket. No er ein kome så langt at ein kan tenke på å bygge kvalitet. Å stanse busettinga no, vil medføre tap av kompetanse, og etter kvart òg tap av kommunale arbeidsplassar som i praksis vert dekkja inn frå staten, utanom rammeoverføringane. Å busette flyktningar gjev med andre ord inntekter og utgifter, men òg kompetansesarbeidsplassar for personar med høgare utdanning.

Integrering

Vi har behov for små single bustader. Vi ynskjer å avslutte etablerte bufellesskap, og frigjere disse bustadane til familiar. Dersom ein lukkast med dette, har ein mest truleg tilgang til nok bustader i 2018.

Frivillig sektor er viktig for å sikre integreringsarbeidet på Osterøy. Osterøy vaksenopplæring forsøker å støtte dei som ber om det med rettleiing, tips og praktisk hjelp, så langt dette lar seg gjere.

Kvalifisering til jobb er ein viktig del av introduksjonsprogrammet. Det er for tidlig å konkludere med kor godt vi lukkast med dette, tala er for små og tidsperioden for kort. Vi registrerer likevel at dette var eit av kriteriana for å fortsette busetnad i eit år der mange kommunar ikkje har fått oppmoding.

Vurdering

Osterøy kommune og Osterøysamfunnet ser ut til å handtere busetnad av flyktningar. Busetnadsførespurnaden på 10 personar er i tråd med det ansvarleg eining vurderer som hensiktsmessig for å sikre kompetanse på området i ei tid med få som skal busettast. Samtidig er vi per i dag organisert slik at vi vil klare å ta unna for ei eventuell ny flyktningbølge, og det er ein fordel å sleppe å måtte gå gjennom ein ny oppbyggingsfase.

Økonomisk vurderer ein at ein går i balanse, at utgiftene samsvarer med inntektene.

Konklusjon

Osterøy kommune buset 10 flyktningar i 2018. Familiesameinte kjem i tillegg.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
088/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Laura Ve	15/3470

Endeleg vedtak - planprogram kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune

Vedlegg:

Osterøy - oppstart med planprogram for kommunedelplan for oppvekst

Planprogram for kommunedeplan for oppvekst_revidert etter høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“Osterøy kommune vedtek framlegg til planprogram for kommunedelplan for oppvekst med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §11-13”.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er utarbeida framlegg til planprogram for kommunedelplan for oppvekst. Planprogrammet foreslår rammer og tema for det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Framlegg til planprogram er utarbeida i samarbeid med fastsett administrativ arbeidsgruppe for å sikre fagleg innhald og med fastsett politisk arbeidsgruppe for forankring av politisk retning for tema oppvekst.

Planprogrammet har vert på høyring og offentleg ettersyn våren 2017. Det kom inn merknad frå fylkesmannen i Hordaland i høyringsperioden. I tillegg vart det gjennomført arbeidsseminar i sektor for oppvekst, undervisning og kultur, og på bakgrunn dette vart det gitt innspel og kommentarar til planprogramet. Desse er gjennomgått, vurdert og delvis innarbeida i revidert utgåve til planprogram.

Kommunen sitt plansystem, budsjett og økonomiplan

Kommunedelplanen for Oppvekst inngår i eit rullerande plansystem som er kjent og forankra politisk og administrativt. Jamfør Plan- og bygningslova § 11-2 skal den vurderast kvart fjerde år og

handlingsdelen til planen skal vurderast årleg.

Kommunen har òg starta arbeid med Kommuneplanen sin samfunnsdel (Samfunnsplanen). Denne skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, og vera eit godt styringsverktøy for å møte utfordringane og moglegheitene framtida byr på. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som skal sikra rett innsats og prioritering av ressursar for å nå målsetnadane for ønska samfunnsutvikling ein har sett seg som resultat av planprosessen.

Arbeidet med kommunedelplan for oppvekst må finna sin relasjon til det parallele arbeidet med samfunnsdelen. Felles medverkand kan vere aktuelt å vurdere i prosessane.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen vurderer at planprogrammet foreslår dekkande tema og metode for prosessen vidare.

Folkehelse er eit grunnleggande viktig tema i kommunedelplanen. Mellom anna er fysisk og psykisk helse, barnefattigdom, inkludering og mangfald og tryggleik viktige tema i planprogrammet og for det vidare arbeidet. Aldersgruppene frå ufødte liv og fram til midten av tjueåra er vurdert som svært viktige for kommunen sin førebyggjande innsats og for langtidsverknaden av folkehelsearbeidet.

Miljø

Mellom anna er gode bu- og nærmiljø og fysiske og sosiale miljø viktige i oppveksten. I tillegg kan kunnskap om og utvikling og endringar innan kultur, kulturmiljø og klima påverke barn som veks opp både positivt og negativt. Planarbeidet skal fastsette retning for korleis kommunen skal arbeide strategisk og systematisk med vidareutvikling på desse områda for å nå fastsette mål.

Økonomi

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur ønskjer ikkje å prioritera økonomiske ressursar til å hente inn ekstern prosjektleiing til gjennomføring av prosjektet. Dette vil kunne ha konsekvensar for framdrift i arbeidet. Ved å nytta kommunen sine egne tilsette vil andre oppgåver tidvis måtte prioriterast framfor planarbeidet. Samstundes kan det å nytta interne ressursar i organisasjonen bidra til betre forankring og auka kompetanse.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at framlegg til planprogram for kommunedelplan for oppvekst er klart for vedtak.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
089/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Jostein Klette	17/2616

Uttale - høyring av endringer i vannforskriften og naturmangfaldlova

Vedlegg:

horingsnotat_forslag_til_endringer_i_naturmangfoldloven_og_vannforskriften_171005

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlagt uttale vert oversendt Klima- og miljødepartementet

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er fremja forslag om at vassforvaltningsplaner ikkje lenger skal vedtakast som regionale planer etter plan- og bygningsloven. Fylkeskommunen får ikkje noko formell rolle vidare i dette arbeidet.

Heimel for vassforskrifta vert tatt inn i naturmangfaldlova, og naturmangfaldlova erstattar plan- og bygningsloven som heimelsgrunnlag.

Ny organisering vil vera at fylkesmannen får ansvar for koordinering, miljødirektoratet utarbeidar høyringsdokument for rullering av planane medan Klima- og miljødepartementet vedtar planane.

Vurdering

Kommunen vil påpeika at endringa fører til at ansvar for regional forvaltning av vassforvaltningsplaner vert flytta opp på eit statleg nivå der det vert ei ansvarsdeling mellom fylkesmannen, direktorat og departement. Dette medfører for det fyrste ein større avstand frå

kommunen til planarbeidet og at påverknaden frå lokalt hald vert svekka. For det andre vert ansvar fordelt ut over fleire statlege ledd utan at det er grunngeve kvifor.

Kommunen meiner at som prinsipp bør arbeid med vassforvaltningsplanane leggest på fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Dette fordi arbeidet med vassforvaltning er ein viktig del av kommunalt arbeid og kan ikkje lukkast utan at kommunane har ein stor del av ansvaret. Gjennom å flytte ansvar opp på eit statleg nivå vert medverknad og eigarskap til regionale vassforvaltningsplaner mindre, noko som kan gjera det meir utfordrande å sikre fokus og ressursar på dette arbeidet.

Dersom det er ynskje om å flytte ansvaret opp på statleg nivå bør ansvar for koordinering av arbeidet, rullering og vedtak av ny plan liggje på hjå same instans. Kommunen meiner at dette i så fall bør vera eit ansvar som ligg hjå fylkesmannen fordi det vil sikre eit meir lokalt forankra planarbeid. Kommunen meiner difor at dersom ein skal endra dagens organisering så må både koordinering, utarbeiding av plan og vedtak leggest til fylkesmannen.

Konklusjon

Osterøy kommuen ynskjer at ein held vedtak av plan og forvaltning av desse planane til fylkeskommunalt nivå.

Kommunen er kritisk til å endra dagens organisering fordi det vil flytte ansvar vekk frå kommune og fylkeskommune og gjennom dette svekke eigarskap og tilknytning til planane. Dette gjer mindre ansvar for å gjennomføre tiltak i lokal forvaltning.

Dersom organiseringa vert endra så må både koordinering, utarbeiding av plan og vedtak leggest til fylkesmannen slik at ein forankrar arbeidet i regionane.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
090/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kari Foseid Aakre	17/2692

Hovudtariffoppgjeret 2018, IA, pensjon og bemanningsnormer. Debatthefte -KS.

Vedlegg:

debatthefteks2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

KS debatthefte 2018

Våren 2018 er det hovudoppgjer. Det betyr at hovudavtalen skal reforhandlas og det skal gjennomførast sentralt lønsoppgjer for kommunal sektor.

Kommunar og fylkeskommunar skal levere tenester av god kvalitet til innbyggjarane, og arbeider heile tida med tenesteutvikling og nyskaping. Organisering og dimensjoner Ing er viktig, og hovudavtale og tariffavtale er viktige virkemiddel for å rekruttere og behalde arbeidskraft.

Mandatet for forhandlingane vert vedteke av KS sit hovudstyre. For å sikre at dette mandatet har brei forankring frå kommunane er det viktig av vi tek oss tid til å gje innspel til det mandatet hovudstyret skal vedta.

Styret i KS Hordaland og fylkesmøte skal gje sin uttale til mandatet 23. januar. KS styret ber difor om at kommunane kjem med sine innspel før nyttår. Skal KS få eit mandat som er godt forankra i den einskilde kommune er det viktig at vi tek oss tid til å kom med våre innspel til ein slik uttale.

Uttale frå Osterøy kommune:

Hovudtariffoppgjeret

Det er venta ein moderat lønsvekst i 2018. Dette av di vi opplever ein konjekturoppgang etter nokre år med låg vekst. Grunna tidspunkt for verknad av sentralt og lokalt lønsoppgjer i 2017 er det eit relativt stort overheng. Saman med lønsgliding gjer dette til at 1.8 % av årslønsveksten er bunde opp før forhandlingane tek til. Partane i KSområdet har difor eit avgrens handlingsrom for lønsoppgjeret i 2018.

Idet sentrale lønsoppgjeret kan ramma nyttast til eit eller fleire økonomiske element. Det som er mest vanleg er sentrale lønstilllegg, pott til lokalt oppgjer og regulering av andre godtgjersler t.d. helgetillegg. Kor stor den disponible ramma er vil vere vesentlig for drøftinga av kva som skal prioriteras i det sentrale oppgjeret. Slik ramma ser ut no vil det ikkje vere rom for mange element og det må gjerast ei prioritering.

1. Kva element i oppgjeret (t.d. generelle tillegg, lokal pott eller andre godtgjersler) skal prioriteras innanfor den disponible ramma?

Svir: Ved liten ramme bør ein prioritere sentralt lønsoppgjer for grupper kommunesektoren treng for kunne yte dei tenestene vi er pålagt. Kompetanse bør prioriterast.

I tillegg bør potten nyttas til å regulere ubekvemstillegg for helg og natt. Det er vanskelig å rekruttere folk til vakter på natt og i helg.

Offentlig tenestepensjon

Offentleg tenestepensjon og behovet for endringar i denne har vore tema i debatheftet og på strategikonferansane dei siste åra.

Arbeids og sosialministeren har hausten 2017 varsla at arbeidet men pensjonsreforma skal startast opp att. Det er difor venta at pensjon vert eit sentralt tema i 2018.

Etter behandling av spørsmål knytt til offentlig tenestepensjon dei siste tre åra har det kome tilbakemeldingar om at pensjonsordningane må opplevast som gode og trygge, og på det viset medverke til å styrke rekruttering til kommunalsektor.

KS' sine mål for tilpassingane er at dei:

- gjer meir føreseielege pensjonsutgifter for arbeidsgjevarane

- medverkar til å avgrense kostnadsveksten
- gjer offentlig tenestepensjon og AFP meir tilpassa arbeidslina
- byggjer på dei same prinsippa som alderspensjon i folketrygda
- legg betre til rette for mobilitet mellom offentlig og privat sektor
- sikrar at vi framleis har gode pensjonsordningar i offentlig sektor

2. Er det andre tema eller målsettingar KS bør ta med seg i det vidare arbeidet med ny offentlig tenestepensjon?

Svar: I tillegg til dei måla KS har sett opp bør det vurderast om særaldersgrenser skal hevas. Det bør vurderast kva yrkesgrupper som framleis har behov for særaldersgrenser.

IA-avtalen

Vi har sidan 2001 hat IA-avtale, Det er ein avtale mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet der siktemålet er eit inkluderande arbeidsliv. Avtalen vert reforhandla kvart fjerde år. Dagens IA-avtale går ut i 2018. Det er venta at partane vert inviterte til drøftingar om korleis arbeidet med eit inkluderande arbeidsliv kan takast vidare etter IA-avtalen.

Det samla sjukefråveret i Norge har gått ned sidan 2001. Likevel opplever vi at i einskilde deler av kommunal sektor har sjukefråveret auka. Høgt sjukefråver er ei stor utfordring for arbeidsgjevar og det er behov for tiltak som kan få ned fråveret. Det er for mange som fell ut, eller ikkje kjem inn i arbeidslivet av helsemessige omsyn. Inkludering har difor vore eit viktig tema i 2017. KS meiner kommunesektoren kan spele ei viktig rolle i inkluderingsarbeidet, men det føreset dei rette rammene og verkemidla.

IA-avtalen byggjer på ein tradisjon for samarbeid og tillit mellom partane i arbeidslivet og styresmaktene. Utviklinga av verkemiddel og regelverk til bruk i arbeidet med sjukefråver og inkludering, har skjedd gjennom det nasjonale trepartssamarbeidet.

Det å lukkast med lågare sjukefråver og auka inkludering er krevjande problemstillingar både i samfunn og arbeidsliv. Etter 16 år med IA-avtalen kan det vere behov for å tenkje nytt. KS meiner det er naudsynt å drøfte nye måtar i kome inngrep på for kommunar, særleg når det gjeld arbeidet for å få ned sjukefråveret. Vi må drøfte kor vidt eit nasjonalt trepartssamarbeid framleis er vegen å gå, eller om andre retningar er meir tenlege i kommunesektoren.

3. Kva skal vere KS sin posisjon i drøftingar om vidare samarbeid om eit inkluderande arbeidsliv?

a. Korleis kan eit vidare samarbeid mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet medverke til å

stimulere til nytenking og ny giv i arbeidet med å redusere sjukefråveret og inkludere fleire i arbeid?

b. Korleis bør eit vidare samarbeid på nasjonalt nivå innrettast for å medverke til auka måloppnåing i kommunal sektor?

c. Kva andre modellar enn eit vidare nasjonalt samarbeid kan vere naudsynt for å oppnå målet om redusert sjukefråver og eit meir inkluderande arbeidsliv i kommunal sektor?

Svar: Både tal uføretrygda og sjukefråveret held seg stabilt over tid. Både uføretala og det samla sjukefråveret er likevel for høgt med tanke på at det vert stadig færre som skal forsørgje stadig fleire. Vi treng den arbeidskraftreserven som ligg i å få fleire av dei som i dag står utanfor arbeidslivet inn i arbeid. For å få det til må vi ha fleksible ordningar som t.d. at ein kan kombinere trygdeytningar og arbeidsinntekt.

Når det gjeld reduksjon i sjukefråvere må vi tole å snakke om karensdagar. Det må og vurderast om det kan gjerast noko meir i høve fastlegar og deira praksis i høve sjukemeldingar.

Det er viktig å ha nasjonale ordningar som sikrar likebehandling. Men det må og gjevast rom for lokale løysingar dersom desse kan auke deltakinga i arbeidslivet.

Trepartssamarbeidet innan dette feltet bør halde fram både sentralt og lokalt.

Bemanningsnormer og kompetansekrav

I den politiske debatten er det auka merksemd kring bruk av bemanningsnormer som ligg i staten si styring av kommunar. Dei seinare åra har det og kome fleire lovkrav knytt til kompetanse. Grunngevinga er rettstryggleik, kvalitet i tenestene, likskap og rettferd.

KS har hevda at bemanningsnormer og kompetansekrav med vidare i kommunesektoren i all hovudsak bør vere rettleiande. Eventuelle bindande normer må vere utforma på eit så overordna nivå som mogeleg, og ikkje knytast til verksemdsnivå. Slike krav bør ikkje avgrense lokaldemokratiet og arbeidsgjevar sitt rom for sjølv å disponera ressursar ut frå lokale behov. Kommunane må også få full kompensasjon for dei auka kostandene slike krav fører til.

Vedtekne, føreslått og andre mogelege krav til kompetanse og bemanning:

Bemanningsnorm og skjerpa pedagognorm i barnehagar

Framlegg om ein tilsett pr. tre barn under tre år og ein tilsett pr. seks barn over tre år. Pedagognorm er foreslått skjerpa slik at ein går frå maks 18 barn over tre år i dag til maks 14 barn pr. pedagog. For barn under tre år går kravet frå ni barn pr. pedagogisk leiar i dag til maks sju barn. Det ligg ikkje inne fullfinansiering av dette i statsbudsjettet for 2018. Vert norma vedteken må det takast midlar frå andre tenesteområde for å oppfylle bemanningsnorma i barnehage for mange kommunar.

Kompetansekrav i helse og omsorg

I 2017 vart det innført eit krav om spesialisering i allmenmedisin for nytilsette fastlegar. Frå 2018 gjeld det same kravet legevakt. Frå 2018 er det krav om at alle kommunar skal ha sjukepleiar, fysioterapeut, jordmor og helsesøster. Frå 2020 vil det bli stilt krav om at kommunane i tillegg må ha tilgang til ergoterapeut og psykolog.

Kompetansekrav i skulen

Frå 2014 har det vore kompetansekrav for å undervise i ein skilde fag i grunnskulen. Fram til skuleåret 2025–26 har allmennlærarar dispensasjon frå kravet. Dette inneberer at kommunane har tilsvarende frist for å dekkje kravet om rett kompetanse. Strategien Kompetanse for kvalitet skal først og fremst medverke til at flest mogeleg av lærarane har kompetanse i tråd med dei nye krava. Innanfor strategien dekkjer staten sjølve utdanninga, men kommunane må dekkje reise, opphald, læremiddel med vidare.

Norsk kompetanse i barnehagane

Regjeringa har gjort framlegg om at alle nytilsette skal ha bestått ein standardisert norsktest.

Andre mogelege krav

Stortinget har bedt regjeringa om «å utrede mulige løysningar for, og virkningar av, en bindende minimumsnorm i skolehelsetjenesten, også sett i samheng med helsestasjonstjenesten». Stortinget har i kommuneramma lagt inn midler med føring om styrking av tenesta.

Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet (Bufdir) greier ut kompetansekrav til barnevernsleiarar, og har varsla at dette også skal gjæras for andre tilsette i barneverntenesta.

Opplæringsloven har allerede heimel for departementet til å fastsetje nærare forskrift om forholdstallet mellom tal lærarar og elevar pr. skule eller pr. kommune (oppl § 8-3). Det er ikkje laga forskrift om dette. Norm for lærertetthet vart drøfta i valkampen.

4. Korleis bør KS stille seg til nye framlegg til bemanningsnormer og kompetansekrav?

a. Bør KS kunne akseptere nye framlegg til bindande bemanningsnormer og/eller kompetansekrav under visse forutsetningar? I så fall, kva for nokon?

b. Bør KS i staden peike på andre verkemiddel for å ta i vare dei nasjonale omsyna som ligg bak framlegg om bemanningsnormer og kompetansekrav? I så fall, kva for nokon?

Svar: I prinsippet bør det ikkje stillast absolutte krav til gitt kompetanse eller bemanning i den ein skilde kommune. Så lenge lovveket inneheld krav til tenesta som skal ytast bør det vere opp til

den enkelte kommune å avgjere korleis ein sikrar god nok kvalitet.

Dersom det skal setjast krav til bemanning og eller kompetanse må det følgjast opp med reell fullfinansiering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
091/17	Formannskapet	PS	22.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	16/2258

Stortingsvalet 2017 - evaluering av gjennomføringa i kommunen

Vedlegg:

Svarskjema frå røystestyra

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Evalueringa av gjennomføring av stortingsvalet vert teken til vitande.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med stortingsvalet 2017 vedtok heradsstyret å redusera talet på røystekrinsar. Samstundes vart det vedteke å innføra elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Ved førehandsrøystinga har det lenge vore elektronisk avkryssing og ein fann at tida var moden for å innføra dette på valdagen også.

Dette var to heller store endringar og ein har difor etter valet bede om ei evaluering frå røystestyra ved leiarane.

Mottekne svarskjema ligg ved.

Vurdering

Røystestyra er i hovudsak godt nøgde med tilrettelegging, opplæring og gjennomføring.

Internettdekning

Bruvik – det viste seg at det ikkje var internettdekning i lokalet. Kommunen måtte difor kjøpa inn ei løysing slik at valet kunne gjennomførast. For dei andre lokala var det ikkje problem, men i nokre tilfelle måtte ein føreta ny innlogging på systemet i løpet av dagen.

Då dette var første gongen med elektronisk manntalsavkryssing valde ein å gje røystestyra administrativ støtte i vallokalet så langt dei sjølv vurderte at dette var nødvendig.

Tilkomst til vallokalet

Haus, Lonevåg og Valestrand har kommentert dette. I Haus burde det vore informert om ein kunne kjøra heilt fram til skuleplassen/vallokalet. I Lonevåg må ein ved neste val finna ei betre løysing for parkering for veljarar som må kjøra heilt fram til vallokalet. På Valestrand er det trangt og vanskeleg å parkera, og dette må ein finna ei betre løysing på til neste val.

Administrasjon

Valsystemet og skanneløysinga fungerte godt ved dette valet, og også Valdirektoratet si opplæring for kommunane fungerte betre enn før.

Det som er mest utfordrande for kommunen er førebuing til valet og gjennomføring av førehandsrøystinga som må gå føre seg samstundes med ferieavviklinga, og i tillegg til den løpande drifta. Ved dette valet var det til tider svært krevjande å skaffa nok personale, noko som medførte at arbeidsbelastninga for nokre medarbeidarar vart stor.

På valkvelden hadde ein nok mannskap og oppteljing og valoppgjerd gjekk raskare enn før. Dette var eit stortingsval og oppteljing og valoppgjerd i kommunen vert då enklare enn ved kommunestyreval.

Oppslutning

Totalt frammøte ved valet vart 81,3% mot 78,2% for landet og 81,1% for fylket. I 2013 var frammøtet h.v. 82,3%, 78,2% og 80,5%.

Ved kommunestyrevalet 2015 var frammøtet for landet 60,2% og på Osterøy var det på 66,7% og for fylket 62,5%.

Frammøte i krinsane:

Bruvik:	78,1%
Haus:	83,8%
Hauge:	79,5%
Valestrand:	83,4%
Lonevåg:	80,7%
Fotlandsvåg:	81,8%

Det vart sett ny rekord for førehandsrøysting denne gongen med 1660 røystingar, d.v.s. 28,9% av dei røysteføre. Dette er litt høgare enn for landet (28,4%) og litt lågare enn for fylket (33,9%).

Folkehelse - ikkje vurdert

Miljø - ikkje vurdert

Økonomi - Rekneskapstala for 2013 var på kr 250', for 2015 kr 454' og førebels for 2017 kr 376'

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet til orientering. Oppfølging av konkrete punkt i evalueringa må ein koma tilbake til ved neste val.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
092/17	Formannskapet	PS	22.11.2017
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	16/1995

Skjenkekontroll 21.10.17 - Kjellaren restaurant, Valestrandsfossen

Vedlegg:

Skjenkekontroll 21 oktober Kjellarn

Skjenkekontroll 21. oktober - rapport til uttale

201710210048_Skjenkekontroll_609697

Tilleggsrapport-Kjellaren-20.10.17

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kjellaren restaurant, org.nr. vert i medhald av alkoholforskrifta § 10-3, jfr. same forskrift § 10-2, tildelt fire prikkar for overtreding av alkohollova § 4-4 om skjenketid.

Grunngjeving for prikktildeling: I samband med skjenkekontrollen 21.10.17 er det dokumentert at det vart seld og utlevert alkohol til fleire gjestar etter kl. 01.00. Dette er i strid med alkohollova § 4-4 om skjenketid, og etter alkoholforskrifta § 10-3, jfr. § 10-2, medfører dette regelbrotet tildeling av fire prikkar.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vart halde skjenkekontroll ved Kjellaren restaurant, Valestrand, 21.10.17 og kommunen har fått tilsend rapport og tilleggsrapport etter kontrollen. Rapportane vart send til skjenkestaden til uttale

saman med brev av 30.10.17. Løyvehavar har gitt tilsvar med epost av 09.11.17.

Ved kontrollen var to kontrollørar til stades og dei observerte sal og utlevering av alkohol etter kl. 01.00. Kontrollørane vart merksame på ein mann, person 1, som bar ein drink i kvar hand. Frå kl. 01.20 framsto person 1 som «åpenbart påvirket» av rusmidlar. Denne personen hadde fått kjøpa fire drinkar rett etter kl. 01.00.

Kontrollørane si vurdering er at dette er brot på alkoholforskrifta § 4 -1 Personer som er åpenbart påvirket av rusmidler må ikke gis adgang til skjenkestedet. Dersom en person som er åpenbart påvirket av rusmidler befinner seg på skjenkestedet, har bevillingshaver plikt til å sørge for at vedkommende forlater stedet. Bevillingshaver har plikt til å sørge for at personer som trenger det, får nødvendig bistand.

Brot på forskrifta §§ 4-1 medfører etter same forskrift § 10-3 tildeling av to prikkar.

Tilleggsrapporten viser at det blei seld fire drinkar til ein person, omtala som person 1, rett etter kl. 01.00. Innehavar viser til at denne personen var saman med tre andre, og difor fekk kjøpa til desse, men at dei andre må ha gått utan at ein var merksam på dette.

I alkoholforskrifta § 4-2, 1.ledd seier følgjande: «*Det må ikke skjenkes alkoholholdig drikk til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller skjenkes på en slik måte at vedkommende må antas å bli åpenbart påvirket.*»

Brot på forskrifta § 4-2, 1. ledd medfører etter same forskrift § 10-3 tildeling av fire prikkar.

Kontrollen avdekkja sal og utlevering av alkohol mellom kl. 01.00 og kl. 01.07. Innehavar har gitt følgjande forklaring: *Det vart servert alkohol etter kl. 01.00. Dette beklager me sterkt, klokka på veggen gjekk nokre minutt for fort og me følgde med på klokka på kassen. Betalinga vart teken imot før alkoholen vart servert og dermed gjekk klokka litt ifrå oss. Når det gjeld siste personen som fekk servering hadde det skjedd ei misforståing. Glaset hans vart rydda vekk av di me trudde han hadde gått, og då han kom tilbake for å kjøpa mat lurte han sjølvsgad på kor glaset hans var og fekk dermed eit nytt.*

Brot på alkohollova § 4-4 om skjenketid medfører etter forskrifta § 10-3 tildeling av fire prikkar.

Tilleggsrapport og innehavar sitt tilsvar ligg ved.

Prikktildelingssystemet

Alkoholforskrifta § 10-1 til 10-6 er eit system for prikktildeing ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter. Reglane inneber at ulike typar brot blir tildelt eit visst tal prikkar og der tolv tildelte prikkar i løpet av to år vil føra til ein standardreaksjon på inndraging av løyvet i ei veke.

Ordninga er obligatorisk og kommunen plikter å følgja dei vilkåra forskrifta fastset.

Innføring av prikktildelingssystemet gir like retningsliner og mindre bruk av skjøn i inndragingssaker, noko som og gir større likskap for løyvehavarane uavhengig av kva kommune verksemda foregår i .

Vurdering

Rådmannen finn det dokumentert at skjenketida ikkje er overhalden. Skjenketida er absolutt og må overhaldast, og det må vera krav om at dei som står i baren passar klokka når det nærmar seg skjenkeslutt. Brot på skjenketidsreglane medfører tildeling av fire prikkar. I dette tilfellet var det fleire personar som fekk kjøpt alkohol etter kl. 01.00.

Person 1 som det siste kvarteret framsto som «åpenbart påvirket» av rusmidler, blei likevel ikkje bortvist frå lokalet. Dette var heilt på slutten av kvelden og like før gjestane skulle gå. Rådmannen si vurdering er at ansvarhavande burde ha sett person 1 og fått han bort, men samstundes kan ein travel situasjon rett før stengetid gjera at det tek litt tid før ein vert merksam på situasjonen.

I følgje rapporten var det ca. 45 gjestar i lokalet, men det går ikkje fram kor mange tilsette det var på jobb. Kontrollen har avdekka at det ikkje har god nok kontroll med utlevering av alkohol, og at rutinene må bli betre for m.a. å unngå overskjenking.

Rådmannen si vurdering er at avdekking av «åpenbart påvirket» person og kontroll med utlevering av alkohol må bli meir skjønbasert, og difor litt verre å dokumentera at regelverket ikkje er følgd.

Folkehelse	- ikkje vurdert i saka
Miljø	- ikkje vurdert i saka
Økonomi	- ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Rådmannen legg fram saka med tilråding om tildeling av fire prikkar for brot på skjenketida.

